

Moster Grendautval

www.mosterhamn.no

Bømlo kommune
Areal og samferdsle
5430 Bremnes

13.12.2013

Reguleringsplan FV-542 Røyksund-Eikeland.

Moster Grendautval registrerer at det pågår ein diskusjon angåande endring av reguleringsplanen for ny bru og veg i Røyksund. Slik me forstår er det fleire alternativ til utfall i denne saka.

Som interesseorganisasjon for Moster vil me gjerne understreka viktigheten av ein mest mogeleg robust og framtidstretta veg, der ein tar sikkerheten på alvor og vel tekniske løysingar med mål om å unngå å byggje inn risiki.

Me viser til Kommuneplanen som vart godkjent tidlegare i år der Moster regionen er eit av dei områda der det er forventa størst utvikling og press på utvikling / folketals auke. I området Røyksund-Eikeland er det betydeleg ledig kapasitet i tomtearealer og fleire store områder er under planlegging.

Det er og verdt å merkje seg at Røyksund Vel i innspel til den oprinnelege reguleringsplanen har påpeika at kryssløysinga på arm mot Håvik oppleves uoversikteleg og farlig.

I følgje Bømlo sin Trafikksikkerhets plan (TS plan) som blei vedtatt i 2012 har det vært ein heil del ulykker på Strekninga frå Gassasundet til Mosterhamn. Dette bør vera tungtvegande grunnar når ein no bestemmer vegutforming som me skal leva med i mange generasjoner.

Med bakgrunn i val og løysingar som er blitt beslutta i andre delprosjekt i Bømlo pakken er me trygge på at kommunen vel framtidssretta og trygge løysingar også i dette delprosjektet.

Med venleg Helsing
Ingvald Grindheim
-Leiar MGU



Moster Grendautval, 5440 Mosterhamn

Dynamiske Mosterhamn

